



Helge Henanger  
Øvre Sagstad 110  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2696 - 17/12693

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

21.06.2017

## Sprøyting og jordarbeid i kantsone langs Mjåtveitelva

Meland kommune fekk i ein e-post datert 30.05.2017 spørsmål om sprøyting langs Mjåtveitelva på Gbnr. 18/1 på Sagstad. Meland kommune v/ skog- og miljøkonsulent var på synfaring 09.06.2017 for å sjå på arealet. På synfaring var det klart at det var både sprøyta og jordarbeida langs vassdraget. På telefon 09.06.2017 opplyste de til Skog- og miljøkonsulent at det var nytta Roundflex til sprøyting på arealet.

Meland kommune ynskjer å informere om dei krava som i forskrift er stilt til sprøyting og jordarbeid langs vassdrag. Dette for å unngå unødig miljøpåverknad på vassmiljøet i Mjåtveitelva.

Det er i forskrift om plantevernmidlar § 20 forbod mot å sprøyte nærmare enn 3 meter frå overflatevatn, dersom ikkje anna er angitt på plantevernmidlets etikett. Vidare er det forbod mot sprøyting av kantsoner jf. § 19, dersom det ikkje er søkt og godkjent av kommunen. Det er Mattilsynet som har ansvar for oppfølging av forskrift om plantevernmiddel.

Vidare vil Meland kommune vil minne om at det er eit krav i forskrift om produksjonstilskot § 4 til vegetasjonssoner mot vassdrag som har årssikker vassføring. Denne vegetasjonsona skal vere på minimum 2 meter. Vidare skal ikkje denne sona jordarbeidast. Brot på desse vilkåra kan medføre trekk i tilskot.

Vegetasjonssona som nemnd ovanfor kan være full- eller overflatedyrka jord eller innmarksbeite. Kravet om vegetasjonssone hindrar ikkje at den kan haustas eller beitast. I dette tilfelle er det fulldyrka jord heilt ut til Mjåtveitelva. Det er dei to meterane nærmast vassdrag som vert rekna som vegetasjonssone. Denne skal ikkje sprøytast eller jordarbeidast utan løyva frå kommunen. Det er lov å hausta gras og beite vegetasjonssona slik som det vert gjort i dag.

Kommunen understreker at dei krav som er stilt til vegetasjonssone, sprøyting- og jordarbeid nær vassdrag må følgjast.

Kommunen er klar over at det tek tid før nytt regelverk er kjent og forstått, og i dette tilfellet er omfanget på ein mindre strekning på om lag 25 meter. Kommunen vil difor ikkje gå vidare med saka denne gongen, men vonar at auka kunnskap bidreg til at regelverket vert følgt i framtida. Kommunen vil ha auka fokus kontroll av dette framover.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Dersom de har spørsmål eller om noko er uklar er det bare å ta kontakt med landbrukskontoret.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

Laila Bjørge  
landbrukssjef

**Mottakere:**

Helge Henanger

Øvre Sagstad 110 5918

FREKHAUG